

## **Styremøte i VBK.**

**Tid:** onsdag 17.01.24 kl 18.00

**Stad:** Biblioteket

Desse møtte: Solveig, Bjørg, Mette Marie, Petra, Mette, Magnhild  
Judith og Magne Krogh møtte i sak 7.

Solveig ønskete velkommen til styremøte.

Judith og Magne var kalla inn for å rådføre styret i sak 7.

### **Sak 7: Kjøp av PC til laget – saka vart teken først i møtet.**

#### **Til gjennomdrøfting:**

- *Kva er det vi treng og kva er behovet?*
- *Er det tenleg å ha eigen pc i laget som skal brukast av fleire?*
- *Korleis ta vare på dokumentasjonen mtp på protokoll, nettsider, bilete m.m.*
- *Kjøp av harddisk for lagring?*

Magne har laga ei gmailadresse til laget som gir tilgang for bruk av google si skylagring. Webansvarleg kan plukke bilete og dokument frå heimesida og legge det tilgjengeleg for oppslag for styret. Dette vil gje ein god oversikt over hendingar gjennom året og kan i tillegg lagrast på ein eigen harddisk. Det vil vere mogleg å ta utskrift av dette og samle det i eit eige hefte.

Protokollen som skriver har ansvar for framstår i dag som ei blanding av utskrifter som er limt inn og ein del manuell føring. Å lime inn utskrifter er ikkje fullgodt for framtidig oppbevaring. Skriver sitt forslag er at i tillegg til å ha dokumentasjon elektronisk på nettside og skylagring, bør det vere ei møtebok/protokoll der dokumentasjonen blir samla i papirformat.

Etter Magne sin presentasjon og meiningsutveksling om kva som vil vere mest tenleg for laget vart det semje om:

- *Eigen pc vert ikkje kjøpt inn*
- *Ein held fram med ei fast godt gjersle til dei som brukar eigen pc/skrivar, og refusjon av ev. andre nødvendige utgifter etter dokumentasjon.*
- *Harddisk for lagring vert kjøpt inn*
- *Som ei prøveordning går ein vidare med å legge inn bilde frå aktivitetar og viktige dokument på google si skylagring slik som vist i møtet. Frå 2024 vil bilda bli lagt på Google Foto, og referat og liknande på Google disk. Frå tidlegare år ligg alt på Google disk ordna etter årstal.*
- *Styremedlemar kan få tilgang til denne adressa, men nettansvarleg legg inn stoffet.*
- *Det kan takast utskrift av dette ved årets slutt og binde det inn til eit hefte*

## **1. Referat**

- Arbeide med å få til kurs særleg retta mot yngre målgrupper som kan gjere at det blir rekruttert fleire unge til laget.
- Finne aktuelt tidspunkt, t.d. tidleg vår (før påske)
- *Solveig, Bjørg og Mette følgjer opp alternativ for aktuelle kurs*

## **2. Orienteringar**

Julelaget den 7.januar. Flott avvikling og god oppslutning.  
Takk til kafègruppa som stod ansvarleg!

## **3. Årsmøte i M&R Bygdekvinnelag i Kristiansund**

**Utsendingar:** Forslag om at 3 frå styret deltek, ev. går tilbodet til andre om styremedl. ikkje har høve til å møte.

## **4. Økonomi**

Laget har fått inn overskotet som skulle tildelast frå olsokarrangementet.  
Petra bør få ei kontoutskrift frå Berit for kvar månad slik at styret er orientert om den økonomiske stoda.

## **5. Godtgjersle for møte/seminar som medlemmar deltek på**

Ikkje heilt klargjort korleis dette skal refunderast, det bør vere retningsliner for dette.

Styret samla seg om følgjande:

**Utsendingar til årsmøte og til distriktsamling:** har tidlegare fått refundert utgiftene og bør framleis få det.

*Dekker utgiftene for inntil 3 utsendingar.*

**Landsmøte og Inspirasjonsseminar:** Avsette eit fast beløp inntil kr 10.000 etter vurdering. *Delast på dei som deltek.*

## **6. Aktivitet vår. Halvårsplan**

Bjørg og Mette har justert denne.

Det skal rettast opp ein dato i april; *VBK-kveld skal vere 09. april i staden for den 13. april* som står på det opprinnelige som var tilsendt.

### **Eventuelt**

- Drøftingar rundt arrangement 05.03.
- Sjekke ut om ev. andre arrangement; Mette Marie følgjer opp
- Neste arrangement blir søndagsmiddagen 18.febr. Det blir sendt ut eigen invitasjon.

**Møtet slutt kl. 20.17**

MG